

# Protokoll frå landsmøte i Noregs Ungdomslag

28.-29. april 2018, Scandic St. Olavs plass, Oslo



Det var påmeldt 89 utsendingar med fulle rettar. I tillegg møtte 6 personar frå styret med fulle rettar samt generalsekretær med talerett. Totalt 95 med røysterett.

Det var registrert 84 utsendingar i salen då landsmøtet opna.

På møtet var det i tillegg 4 frå administrasjonen og 5 gjestar.

## Helsingar til landsmøtet:

FolkOrg v/Thor Hauknes

LNU v/Rode M. Hegstad

Studieforbundet kultur og tradisjon v/Kjærsti Gangsø

Rådet for folkemusikk og folkedans v/Anette Figenschou

## Opning

Styreleiar Mette Vårdal opna landsmøtet. Ho las opp minneord etter Gogo Bakke.

## Sak 1 Konstituering

### Sak 1.1 Godkjenning av innkalling

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

Vedtak: Innkallinga vart godkjent.

### Sak 1.2 Godkjenning av sakliste

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

Vedtak: Styret sitt forslag til sakliste vart godkjent.

### Sak 1.3 Godkjenning av fullmakter

Generalsekretær Eli Ulvestad føretok namneopprop. 6 utsendingar var ikkje til stades ved namneoppropet.

Organisasjonskonsulent Alf Steinar Nekstad presenterte kontrollen av fullmaktene.

*Desse tok ordet i saka:*

88 Leiar Mette Vårdal

**Vedtak:** Alle fullmakter for utsendingar vart godkjent.

**Sak 1.4 Godkjenning av tidsplan og forretningsorden**

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Tidsplan og forretningsorden for møtet vart godkjent.

**Sak 1.5 Val av ordstyrar**

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Håvard Ims og Siri Strige vart vald som ordstyrarar.

**Sak 1.6 Val av redaksjonsnemnder**

Leiar Mette Vårdal presenterte styret si innstilling.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Følgjande personar vart valt til redaksjonsnemnd for fagpolitisk plattform:  
Kjell Jostein Stavik, Nordmøre og Romsdal Ungdomslag  
Anette Figenschou, Nordland Ungdomsfylking  
Mette Vårdal, styret i Noregs Ungdomslag

**Vedtak:** Følgjande personar vart valt til redaksjonsnemnd for langtidsplan og arbeidsplan:  
Endre Flatmo, BUL Oslo  
Synnøve Jørgensen, Rogaland Ungdomslag  
Marit Nerås Krogsæter, styret i Noregs Ungdomslag

**Vedtak:** Følgjande personar vart valt til redaksjonsnemnd for fråsegnene:  
Helge Venås Flægstad, BUL i Nidaros  
Eirin Stave Samuelsen, Vest-Agder Ungdomslag  
Terje Svindseth, styret i Noregs Ungdomslag

## Sak 1.7 Val av teljekorps

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Kontoret i Noregs Ungdomslag vart valde til teljekorps.

## Sak 1.8 Val av protokollunderskrivarar

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** *Følgjande personar blir valt til protokollunderskrivarar:*

Svein Aasen, Numedalslaget  
Mari Elise Haugen, BUL Oslo

## Sak 2 Årsmelding 2017

Styremedlem Kevin André Theigmann innleidde om året som har gått.

*Desse tok ordet i saka:*

09 Anette Figenschou, Nordland Ungdomsfylking

**Vedtak:** Årsmeldinga for 2017 vart godkjent.

## Sak 3 Rekneskap 2017

Generalsekretær Eli Ulvestad la fram rekneskapen.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Landsmøtet godkjenner årsrekneskapen for 2017, som viser eit underskot på kr. 261.843.

Underskotet vil bli dekt av aktivitetsfondet, som etter denne disponeringa vil ha ein saldo på 238.157. Aktivitetsfondet skal framleis kunne disponerast til å styrke drifta på utvalde område, og styret får handlingsrom til å drive med underskot også i 2018, dersom ein finn dette føremålstenleg for å oppretthalde eller styrke nødvendige satsingar.

## Sak 4 Fagpolitisk plattform

Leiar Mette Vårdal presenterte styret sitt forslag til fagpolitisk plattform laurdag.

*Desse tok ordet i saka laurdag:*

71 Anita V. Amundsen, Tunsberg Leikarring  
09 Anette Figenschou, Nordland Ungdomsfylking  
14 Trine Skjærvik, Naumdøla Ungdomslag  
85 Anne Presthagen Vedum, Leikarringen Symra  
83 Marie Nicolaisen, Bondeungdomslaget i Oslo  
88 Mette Vårdal, styret  
59 Torgeir T. Fiane, Rise og Løddesøl Ungdomslag  
72 Tone Eidsvold, Eidsiva Fylkeslag  
09 Anette Figenschou, Nordland Ungdomsfylking

Redaksjonsnemnda si innstilling vart presentert av Anette Figenschou på søndag.

*Desse tok ordet i saka søndag:*

72 Tone Eidsvold  
88 Mette Vårdal

Det kom inn fem endringsforslag innan tidsfristen, som redaksjonskomiteen leverte tilrådingar til:

1. Tilleggsframlegg frå 9 Anette Figenschou, under «Samfunn»

*«Lokallaga er viktige arenaer for å lære folkeleg samværskultur. Vi har tradisjon for læring på tvers av generasjoner og alderstrinn. Gode førebileter og bevissthet om samværssformer er viktig for formidling av haldningar og eit frilyndt menneskesyn.»*

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Blir vedteke som nytt avsnitt nr to.

Samrøystes vedteke.

2. Framlegg frå 59 Torgeir T. Fiane, under «Dans»

Meir konkrete formuleringar om arbeidet for dansemusikken

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Siste setning i andre avsnitt blir erstatta med:

*«NU skal styrke opplæring av nye og eksisterande dansespelemenn, og jobbe for vidareutvikling av dansemusikken.»*

Vedteke mot to stemmer.

3. Endringsframlegg frå 72 Tone Eidsvold, under «Dans»

Stryke ordet «Leikskeid» i fjerde avsnitt.

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

«*Instruktørkurs og andre opplæringsarenaer, har saman med (...)*»

Etter eit kort ordskifte, foreslo redaksjonsnemnda å endre «instruktørkurs» til «folkedanskurs» i den endelege formuleringa.

Samrøystes vedteke.

4. Tilleggsframlegg frå 9 Anette Figenschou, under «Dans»:

Styrke instruktøroplæringa som arena

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Tillegg til fjerde avsnitt:

«*NU skal framleis gå føre i utviklinga av instruktøroplæring innafor heile breidda i folkedansfeltet.*»

Samrøystes vedteke.

5. Generelt framlegg frå 72 Tone Eidsvold

Utarbeide ei barne- og ungdomsretta formidling av den fagpolitiske plattforma.

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Det blir gjort følgjande tillegg til vedtaket:

*Med utgangspunkt i den fagpolitiske plattforma, blir det utforma versjonar av som kan formidlast til medlemmer i ulike aldersgrupper.*

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:** Landsmøtet vedtek den fagpolitiske plattforma for Noregs Ungdomslag. Denne erstattar bunadpolitisk plattform og folkedanspolitisk plattform, og blir ei felles plattform for NU sitt fagpolitiske arbeid. Med utgangspunkt i den fagpolitiske plattforma, blir det utforma versjonar av som kan formidlast til medlemmer i ulike aldersgrupper.

## Sak 5      Langtidsplan 2019-2022

Nestleiar Marit Krogsæter la fram saka, og delte landsmøtet inn i grupper, som fekk i oppgåve å drøfte utvalde problemstillingar.

*Desse presenterte oppsummeringane frå gruppearbeida:*

09 Anette Figenschou

59 Torgeir T. Fiane

60 Liv Therese Fiane

04 Monica Olsen Slettvold

83 Marie Nicolaisen

14 Trine Skjærvik

63 Annette Løkslid Langåsdalen

Endre Flatmo la fram redaksjonsnemnda si innstilling på søndag.

*Desse tok ordet til saka søndag:*

- 31 Øystein Rambjørg, Hordaland Ungdomslag
- 09 Anette Figenschou, Nordland Ungdomsfylking
- 60 Liv Therese Fiane, Rise og Løddesøl Ungdomslag
- 46 Eirin Stave Anderssen, Vest-Agder Ungdomslag
- 65 Kari Lie, Gjerpen Frilynte Ungdomslag
- 68 Bjørn Øyvind Wærstad, Norskdomslaget i Porsgrunn
- 71 Anita V. Amundsen Tunsberg Leikarring
- 88 Mette Vårdal, styret
- 07 Evelyn Laupstad, BUL Harstad

Det kom inn sju endringsforslag innan tidsfristen, som redaksjonskomiteen leverte tilrådingar til:

1. Endringsforslag frå delegat 71 Anita Victoria Amundsen

*«Det er viktig med instruktørkurs innen folkedans og bunadsøm. Vil veldig gjerne at NU også kan stille med instruktørkurs i linedance og sving. Vi i Tunsberg leikarring har 3 forskjellige danseformer → folkedans, sving og linedance. Vi har også bunad. Derfor er det viktig for oss å kunne tilby instruktørkurs for alle 4 fire gruppene.»*

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Forslaget blir avvist

Vedtak: Endringsforslaget avvist mot fem stemmer.

2. Endringsforslag frå delegat 7 Evelyn Laupstad

*«Styrke folkedansen, folkemusikken og amatørteateret som folkelege kulturuttrykk»*

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Endringa blir avvist til fordel for punkt 3.

Vedtak: Endringa blir avvist, mot ei stemme.

3. Tilleggsforslag frå delegat 64 Sigrid F. Steinhaug

*«Styrke folkedansen, folkemusikken, bunaden og amatørteateret som folkelege kulturuttrykk»*

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Forslaget blir avvist, og heller tatt inn i arbeidsplanen.

Vedtak: Forslaget blir tatt inn i arbeidsplanen.

4. Tilleggsforslag frå delegat 43 Ann Cathrine Høyland

*«I pkt 4 på strategiar står folkedans og amatørteater. Jeg ønsker at også folkemusikken og bunad bør få samme plass. Dette er områder som har egenverdi i kulturarven»*

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Endringa blir avvist til fordel for punkt 3.

Vedtak: Endringsforslaget blir avvist.

5. Tilleggsforslag frå delegat 71 Anita Victoria Amundsen

*«Hjelp/stønad til rekruttering til folkedans for barn/ungdom»*

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Endringsforslaget blir avvist til fordel for redaksjonsnemnda sitt forslag i punkt 7.

Vedtak: Endringsforslaget blir avvist til fordel for redaksjonsnemnda sitt forslag i punkt 7..

6. Tilleggsforslag frå delegat 9 Anette Figenschou

*«Kontoret til NU skal bidra med markedsføringshjelp for å få synliggjort den positive lokalkulturen som drives.»*

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Endringsforslaget blir avvist til fordel for redaksjonsnemnda sitt forslag i punkt 7.

Vedtak: Endringsforslaget blir avvist til fordel for redaksjonsnemnda sitt forslag i punkt 7.

7. Tilleggsforslag frå redaksjonsnemnda

*«Utvikla og formidla verktøy og metodar som gjer det praktiske lagsarbeidet og rekrutteringa lystbetont og interessant for fleire av medlemmene»*

Innstilling frå redaksjonsnemnda:

Forslaget blir avvist, og heller tatt inn i arbeidsplanen.

Vedtak, mot ei stemme: Endringsforslaget blir avvist til fordel for redaksjonsnemnda sitt forslag i punkt 7.

Vedtak: Landsmøtet vedtek forslaget til langtidsprogram for perioden 2019-2022.

## Sak 6 Arbeidsprogram 2019-2020

Leiar Mette Vårdal la fram saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

Endre Flatmo la fram redaksjonsnemnda si innstilling på søndag.

1. Endringsforslag frå delegat 40 Synnøve Jørgensen

«*Styrke folkedansen og amatørteater ... vere synleg, ved å- at ungdomslaga.*»

Framlegg frå redaksjonsnemnda er at denne **endringa blir vedtatt redaksjonelt**.

Samråystes vedteke.

2. Tilleggsforslag frå delegat 9 Anette Figenschou

«*Noregs Ungdomslag skal være pådriver mot eksterne konsertarrangører for å få flere dansekonserten (med mulighet for buskspel med lokale musikere etter konserten)*»

Framlegg frå redaksjonsnemnda er at denne **endringa blir avvist** og sendt til styret som innspel til konkretisering av mål i strategien.

Samråystes vedteke.

3. Tilleggsforslag frå delegat 9 Anette Figenschou

«*Noregs ungdomslag skal bidra til å auke arrangørkompetansen for regionale barnestevner.*»

Framlegg frå redaksjonsnemnda er at denne **endringa blir tatt inn i arbeidsplanen som nytt punkt fire under strategi 1.**

Samråystes vedteke

4. Tilleggsforslag frå delegat 7 Evelyn Laupstad

Tilleggsforslag til strategien for å nå målet:

«*Styrke bunad og folkedraktarbeidet for å sikre kunnskap om, og ivaretaking av handverkstradisjonane i organisasjonen.*»

Framlegg frå redaksjonsnemnda er at denne **endringa blir tatt inn i arbeidsplanen.**

Samråystes vedteke.

5. Tilleggsforslag frå redaksjonsnemnda

«*Utvikla og formidla verktøy og metodar som gjer det praktiske lagsarbeidet og rekrutteringa lystbetont og interessant for fleire av medlemmene*»

Samråystes vedteke.

**Vedtak:** Landsmøtet vedtek forslaget til arbeidsprogram for perioden 2019-2020.

## Sak 7      Budsjett 2019-2020

Generalsekretær Eli Ulvestad la fram saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:**      Landsmøtet vedtekk forslaget til budsjett for 2019-2020. Styret får med dette rammer for å drive med underskot for å ferdigstille nødvendige satsingar.

## Sak 8      Fråsegner

Landsmøtet tok stilling til 4 fråsegner frå 2 forslagsstillarar:

1. Mindre plast for eit levande lokalmiljø!  
Forslagsstillar styret i NU, presentert av Terje Svindseth
2. Nye namn er ingen leik  
Forslagsstillar styret i NU, presentert av Terje Svindseth
3. Full momskompensasjon  
Forslagsstillar styret i NU, presentert av Terje Svindseth
4. Evaluer spelemiddelordninga  
Forslagsstillar Sogn og Fjordane Ungdomsslag, presentert av Mette Vårdal

*Desse tok ordet i saka:*

96 Inge Masdal, Sogn og Fjordane Ungdomslag

**Handsaming:**

Eirin Stave Anderssen la fram redaksjonsnemnda si innstilling på søndag:

*Innstilling fråsegn 1:* Landsmøtet stør fråsegna

**Vedtak fråsegn 1:** Samrøystes vedteke.

*Innstilling fråsegn 2:* Stryke siste setning i 4. avsnitt: «Det nye namnet av samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane bør difor vere Gula.»

*Desse tok ordet i saka:*

35 Borghild Opdahl, Ervingen

89 Terje Svindahl, styret

**Vedtak fråsegn 2:** Fråsegna vert avvist mot ei stemme.

*Innstilling fråsegn 3::* Landsmøtet stør fråsegna

**Vedtak fråsegn 3:** Samrøystes vedteke.

*Innstilling fråsegn 4:* Landsmøtet stør fråsegna

**Vedtak fråsegn 4:** Samrøystes vedteke.

## Sak 9 Val

Håvard Ims presenterte valnemnda si innstilling.

### Sak 9.1 Val av leiar

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Mette Vårdal (Oppland Ungdomslag) vart attvald som leiar for eitt år.

### Sak 9.2 Val av styre og arbeidsutval (AU)

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Organisatorisk nestleiar og AU-medlem:

Terje Svindseth (1969), Bygdelagssamskipnaden, ikkje på val

Politisk nestleiar og AU-medlem:

Marit N. Krogsæter (1992), Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag, attval 2 år

Styremedlemmar:

Tone Mjelde (1990), Hordaland Ungdomslag, ikkje på val

Morten Nilsen (1961), Nordland Ungdomsfylking, ikkje på val

Styremedlem: Torbjørn B. Lauen (1990), Hordaland Ungdomslag, ikkje på val

Styremedlem: Kevin Theigmann (1994), Nordland Ungdomsfylking, ikkje på val

Varamedlemmer:

1. vara: Endre S. Myhre (1993), Oppland Ungdomslag, attval 1 år

2. vara: Nina Bytingsmyr (1993), Aust-Agder Ungdomslag, ny 1 år

3. vara: Marie Nicolaisen (1985), Bygdelagssamskipnaden, attval 1 år

## Sak 9.3 Val av revisor

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Revisorgruppen FMØ DA blir valt som revisor for rekneskapsåret 2018.

**Sak 9.4                    Val av valnemnd**

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Leiar: Cecilie Rørstad (1979), Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag, attval 1 år

Medlem: Håvard Ims (1982), Hordaland Ungdomslag, ikkje på val

Medlem: Oddgeir Løvold (1994), Nordmøre og Romsdal Ungdomslag, ikkje på val

Medlem: Borghild Opdahl (1987), Hordaland Ungdomslag, attval 2 år

Medlem: Geir Såtveldt (1997), Telemark Ungdomslag, ny 2 år

1. vara: Helge Venås Flægstad (1987), Sør-Trøndelag Ungdomslag, ny 1 år

2. vara: Rita Sirirud Vatnehol (1983), Oppland Ungdomslag, attval 1 år

3. vara: Jostein Apeland (1958), Rogaland Ungdomslag, attval 1 år

Leiar Mette Vårdal heva møtet.

Protokollunderskrivarar

Oslo, 30. mai 2018



Svein Aasen, Numedalslaget

Oslo, 05. juni 2018



Mari Elise Haugen, BUL Oslo